

Bygda og landbruket treng nye folk!

Invitasjon til konferanse

Hardangerfjord Hotel, Øystese
23.-24. januar 2009

Foto: Jonas Ystaa



Ta grep om framtida

Over lang tid har landbruket og bygdene tapt befolkningsressursar. Jamt og trutt har andre næringar og meir tettbudde stork vorte meir tiltrekkjande og gitt langt betre økonomisk utkome. Når unge forsvinn frå næringa og bygdene, er konsekvensane store. Særleg når dette rammar dei mest sårbare regionane. Sidan år 2000 har tal gardsbruk i drift i Hordaland gått ned frå ca 5500 til 3300. Samstundes viser undersøkingar at relativt fleire odelsberetigta på Vestlandet er negative til overtaking enn i dei andre landsdelane. Bygdene og landbruket i Hordaland står dermed framfor ei særleg utfordring – ei rekrutteringsutfordring som handlar om å stimulera og motivera unge til å ville satse si framtid på bygda og i landbruket.

Det kan vera vanskeleg å sjå korleis ein konkret skal ta tak i denne store utfordringa. Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling (FMLA) tek likevel grep, og dreg i gang ei større satsing knytt til motivering, stimulering og oppfølging av unge i og i tilknytning til bygda og landbruket. Som ledd i satsinga inviterer FMLA saman med organisasjonane og Noregs Bygdeungdomslag, til inspirasjonskonferanse for unge bønder og komande bønder.

Med konferansen ynskjer me å rette merksemda mot dei mange moglegheitene som finst i landbruksnæringa - både innan tradisjonell drift og ved å nytta gards- og bygderessursane til ny verdiskaping. Til å presentere idear, moglegheiter og engasjement har me henta inn ei rekkje dyktige innleiarar frå forskning, organisasjonar, forvaltning og lokale lag. Sist men ikkje minst, vil unge bønder frå fylket fortelje om sitt engasjement for bygda og bondeyrket, og slik bidra med nyttig innsikt i korleis skape utvikling og inntekt gjennom gardsdrifta.

Målgruppe

Målgruppa for konferansen er unge som sit på odel til landbrukseigedomar, unge vaksne som nyleg har overteke gardsbruk (jf. at snittalderen for overtaking er unge 46 åringar) og andre unge med interesse for bygda og landbruket. I tillegg er representantar frå forvaltninga, bygdelag og organisasjonar med særleg ansvar for landbruk, bygdemobilisering og ungdomstiltak naturlege deltakarar.

Tid og stad

Konferansen er lagt til Hardangerfjord Hotel i Øystese 23.-24. januar 2009. Med prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland, Norges Bygdeungdomslag og Gjensidige er **maksprisen for deltakar under 30 år satt til kr 500,-**

Påmelding

Påmelding skjer via Fylkesmannen i Hordaland si heimeside www.fmho.no under kurs/konferansar. For ytterlegare informasjon, ta kontakt med seniorrådgjevar Eli Janette Fosso, Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga. Tlf: 55 57 21 83 eller på e-post: eli.janette.fosso@fmho.no

Velkomne til:

”No e’ da min tur

– ei framtid på bygda og i landbruket”

*Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga
Norges Bygdeungdomslag
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
Hordaland Bondelag*



No e' da min tur

– ei framtid på bygda og i landbruket?

Hardangerfjord Hotel, Øystese 23. – 24. januar 2009

Fredag 23. januar:

Møteleiar: Eli Janette Fosso, FMLA – Hordaland

- 10.30-11.30: Registrering m/kaffi
11.30-11.40: Opning: Kulturelt innslag: Olav Skeie Lie
11.40-11.45: Kvifor ein konferanse om unge, bygda og landbruket?
Seniorrådgjevar Eli Janette Fosso FMLA Hordaland
11.45-12.00: No e' da min tur
– eit prosjekt for likestilling og rekruttering i landbruket.
Lars Halvor Stokstad, Norges Bygdeungdomslag

Utfordringar og nye moglegheiter i landbruket – kva seier forskinga?

- 12.00-12.30: Landbruket under skiftande rammevilkår
– kven tapar og vinn, kva med Vestlandslandbruket?
Egil Petter Stræte, Fungierende direktør,
Senter for bygdeforskning, Trondheim

- 12.30-13.30: LUNSJ

Generasjonsskifte – tradisjon eller endring?

- 13.30-14.00: Generasjonsskifte: Kjønn - tradisjon eller endring?
Forskar Hilde Bjørkhaug, Senter for bygdeforskning, Trondheim

Bønder i praksis:

- 14.00-14.20: Om å satse på tradisjonell drift
– sau, oksar og kjøttproduksjon.
Bonde Inga Winjum Rørlien, Såkvitne Gard i Granvin
- 14.20-14.40: Tradisjonelt, men nytt
– kyllingproduksjon og mjølkeproduksjon.
Kan mjølkeproduksjon verta til iskremproduksjon?
Bonde Erik Kvinge, Nordkvingo, Masfjordnes
- 14.40-15.00: Fruktbonden med IT-utdanning og heimekino.
Bonde Petter Sexe Ulriksen, Sekse i Ullensvang
- 15.00-15.20: PAUSE m/kaffi og frukt
- 15.20-15.40: Økologisk landbruk på Vestlandet?
Økobonde og prosjektleiar i Norsk Landbruksrådgeving Kjersti Berge
- 15.40-16.00: Om å starte som Inn på Tunet bonde.
Marta og Roald Hvidsten, Kviste gard, Radøy
- 16.00-16.20: Åmot gardsoperafestival. Kulturbasert næringsutvikling
– det beste frå bonde- og bykulturen!
Steinar Sørli, Åmot gard, Bygstad
- 16.20-16.50: PAUSE med frisk luft, diskusjon og tid til å gå på stand
- Utfordringar og nye moglegheiter i landbruket – kva seier organisasjonane?**
- 16.50-17.10: Det skal vera like naturleg å starte gardsbarnehage
som å få eit dyreslag ekstra!
Nestleiar i Noregs bondelag Nils T. Bjørke
- 17.10-17.15: Avrunding og praktiske informasjon.
Eli Janette Fosso og Sondre Tesdal
- 17.30-19.30: Tid til å søkje informasjon på ulike stand
Tevlingar og oppvisningar i regi av Kvam og Voss bygdeungdomslag
- 20.00- : Festmiddag m/underhaldning frå Voss bygdeungdomslag

Laurdag 24. januar

Møteleiar: Toril Mullen, FMLA – Hordaland

Gardbrukaren – livskvalitet og identitet

09.00-09.30: Gardbrukaren – livskvalitet og identitet,
Forskar Hilde Bjørkhaug, Senter for bygdeforskning, Trondheim

Unge, bygda og landbruket

09.30-09.40: Om prosjektet Unge, bygda og landbruket,
prosjektleiar Eli Janette Fosso FMLA Hordaland

Kva skjer i pilotprosjekta:

09.40-09.50: Samnanger v/Bente Getz og Tone Tysse Land Holmefjord

09.50-10.00: Kvam v/Sjur Terjei Fykse og Arne Ålvik

10.00-10.10: Kvinnherad v/ Bjørn Rune Bergane

10.10-10.25: PAUSE m/kaffi

Innovasjon Norge – kva kan me bidra med?

10.25-10.45: E' da cash i systemet? Investeringslyst og verdiskaping –
korleis kan IN vera til hjelp for å realisere dei gode ideane?
Seniorrådgjevar Ole-Andreas Smette

10.45-11.15: PAUSE og utsjekking av hotellet

E' da min tur????

11.15-11.35: "Slepp oss til"
– Erfaringar frå det nasjonale rekrutteringsprogrammet.
Lars Halvor Stokstad, Norges Bygdeungdomslag

11.35-11.55: Skal, skal ikkje? Ei framtid i Hordalandslandbruket?
Landbruksdirektør Ole Bakkebo

12.00-12.30: Oppsummering, ordet fritt og vegen vidare

12.30-13.30: LUNSJ og avreise

Praktisk informasjon

Dato: Fredag 23. januar og laurdag 24. januar 2009

Stad: Hardangerfjord Hotel, Øystese

Påmeldingsfrist: 10. desember 2008

Påmelding: Elektronisk påmelding via Fylkesmannen i Hordaland si heimeside: www.fmho.no under kurs/konferansar

Spørsmål kan rettast til:

Eli Janette Fosso, tlf 55 57 21 83, e-post: eli.janette.fosso@fmho.no eller

Drude Sommersten, tlf: 55 57 21 84 / 55 57 21 42,

e-post: drude.sommersten@fmho.no

Påmeldinga er bindande

Prisar

Pakke 1: Overnatting i dobbeltrom og alle måltid: kr 1475,- pr. person

Pakke 2: Overnatting i enkeltrom og alle måltid: kr 1625,- pr. person

Pakke 3: Konferansedeltaking, uten overnatting: kr 450,- pr. person
(inkl.: kurslokale, lunsj, kaffi)

Festmiddag kr 325,- pr. person

Prisreduksjon: For deltakarar under 30 år som ikkje får dekkje konferanse-
kostnadane av arbeidsgjevar, er maksprisen kr 500,-
Overnatting i dobbeltrom. Ytterlegare prisreduksjon
avhenger av tal påmeldte.

Fakturering: Faktura blir sendt ut etter konferansen

Arrangører:



Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksråd



HORDALAND BONDELAC



GJENSIDIGE

Under konferansen vil følgjande organisasjonar og aktørar vera til stades med stand:

Landbrukstenester Hordaland, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Fagforum Inn på TUNET, Forsøksringane i Hordaland, Hordaland sau- og geitealslag, Nortura-Saueskontrollen, Hjeltnes gartnar- skule/Grønt Kompetansesenter, Voss Jordbruksskule, Tine, Stend Jord- bruksskule, Sogn Jord- og hagebruksskule, Gjensidige, Innovasjon Norge.